

## 0 Samandrag

Vi presenterar i denne rapporten ulike innkjøps- og aktivitetstal på hjelpemiddelområdet for 1997. Ein stor del av desse er presentert i ein samla nøkkeltalstabell i vedlegget (tabell 1). Talmaterialet er i hovedsak henta frå hjelpemiddelsentralane sitt datasystem. Det gjeld tal for innkjøp, utlån og antal brukarar.

Rapporten er i hovedsak ein presentasjon av talmaterialet, og i mindre grad analyser.

Utgiftene til kjøp av hjelpemidler har hatt ein betydeleg auke kvart år i heile den perioden hjelpemiddelsentralane har vore i drift. Utgiftene var ca. 150 mill. kr. i 1983, då berre ein hjelpemiddelsentral var i drift. Utgiftene er omlag 1787 mill. kr. i 1997. Spesielt det siste året har vi hatt ein betydeleg vekst i utgiftene. Av dei hjelpemiddelgruppene som aukar mest, og som representerar ein hoveddel av utgiftsveksten er rullestolar, datautstyr og ulike hjelpemidler for innredning og tilpasning av bustad. Utgifter til reservedelar har og auka sterkt, noko som følger av høg aktivitet når det gjeld gjenbruk.

Innkjøp av datautstyr har hatt ein eksplosiv auke. Det gir ein klar indikasjon på at teknologibaserte hjelpemidler er i ferd med å bli blant dei vanlegast formidla hjelpemidlene. Veksten på dette området utgjer i hovedsak den forsterka utgiftsveksten vi har hatt totalt sett i 1997. Dette har samanheng med at trygda overtok ansvaret for hjelpemidler til skuleføremål frå og med 1997.

Tabell 4.1 syner at utlånsverdien auka noko meir frå 1996 til 1997 enn tidlegare. Utviklinga her er omtrent parallel med utviklinga i innkjøpsverdi. Også utlån pr. betjent brukar har auka sterkt i løpet av året, jfr. tabell 4.2.

Målet er å oppnå 50 % gjenbruk av samla utlånsverdi. I nøkkeltalstabellen i vedlegget har vi rekna ut gjenbruksverdien totalt og fordelt på fylke. Differansen mellom total utlånsverdi og innkjøpsverdi utgjer berekna gjenbruksverdi. Gjenbruk er deretter rekna i prosent av utlånsverdien. I 1997 er det ein gjenbruksprosent på landsbasis på ca. 39 %.

I tabell 4.3 har vi sett opp berekna gjenbruksverdi på dei største hjelpemiddelgruppene. Gruppene med høgast gjenbruksfrekvens, senger, rullestol, sittemøbler, løftekjelpe midler og respirasjonshjelpe midler, har over 50 % i berekna gjenbruksverdi. Datautstyr utmerkar seg med låg gjenbruksfrekvens. Dette skuldast både krav om at utstyret skal vere moderne, og at volumet er raskt aukande.

Målet om 50 % gjenbruk er ikkje nådd, men enkelte fylke har meir enn 50 % gjenbruk. Mange av dei store produktgruppene har høg gjenbruksfrekvens, medan den samla gjenbruksprosenten berre er på omkring 39 %. Det har samanheng med at mange hjelpemidler ikkje vert krevd tilbakelevert for gjenbruk, men vert avskrivne.

Talet på registrerte brukarar aukar raskt, og omfattar ein stadig større andel av befolkninga. Antal nyregistrerte brukarar pr. år er ganske stabilt. Utviklinga i antal betjente brukarar frå 1996 til 1997 syner ei generell auke på 5,7 %. I aldersgruppene under 60 år ser vi sterke auke enn i gruppene over 60 år. Andelen betjente brukarar yngre enn 60 år har auka frå

24,7 % til 26,7 % på eit år. Andelen betjente brukarar yngre enn 20 år har auka frå 7,2 % til 8,5 % i same periode. Skulehjelpemidla bidrar sterkt til dette. Men vi har og sterk auke i brukartalet i aldersgruppa 30 - 59 år.

Både kjønns- og alderssamansetjinga av dei nye brukarane har endra seg frå 1996 til 1997. Det er ei markert endring i retning av yngre brukarar, og større andel mannlege brukarar. Vi ser spesielt den sterke auken i talet på brukarar i yngre aldersgrupper, at det er spesielt mannlege brukarar i denne gruppa som aukar i antal, og at brukarar av datautstyr er spesielt skeivfordelt kjønnsmessig. Denne utviklinga er ny i 1997, og må skrivast tilbake til at trygdeetaten overtok ansvaret for skulehjelpemidlene frå og med 1997.

I kapittel 6 har vi samanstilt tal for innkjøp, utlån og brukarar. Vi ser ein svært sterk auke i innkjøpsverdi. Frå 1995 til 1996 har vi noko effekt av at dei to siste hjelphemiddelsentralane starta opp i 1995. I 1997 har vi, som vi har sett i tabell 3.1, ein sterkare generell utgiftsvekst enn tidlegare. Veksten i antal hjelphemidler er ikkje like sterk. Det kan tyde på at det vert kjøpt ein større andel dyrare hjelphemidler. Gjennomsnittsutgift pr. eining aukar med mellom 5 og 6 prosent årleg i perioden.

Det er sterk vekst i utlånsverdien også, men meir moderat enn for innkjøp. Det at veksten ikkje er parallel, men at innkjøp veks raskare, kan vere eit utslag av låg gjenbruksgrad i nokre hjelphemiddelgrupper. Dette gjeld først og fremst datautstyr. Dette er samtidig den hjelphemiddelgruppa som står for raskast vekst, og der nesten alt som vert formidla er nyinnkjøp.

Gjennomsnittleg verdi pr. eining i utlån er høgare enn tilsvarande i innkjøp. Dette er fordi det i utlånstala ligg ein del gjenbruk. Det som vert nytta til gjenbruk er dei meir kostbare hjelphemidla, og ikkje enkle småhjelphemiddel. Difor vert og den gjennomsnittlege verdien litt høgare.

Talet på betjente brukarar pr. år aukar mindre i 1997 enn det har gjort tidlegare, til tross for sterke kostnadsauke. Utlån pr. brukar har klart sterkare auke det siste året, både når det gjeld antal og verdi.

# 1 Innleiing

Vi presenterar i denne rapporten ulike innkjøps- og aktivitetstal på hjelpemiddelområdet for 1997. Ein stor del av desse er presentert i ein samla nøkkeltalstabell i vedlegget (tabell 1). Talmaterialet er i hovedsak henta frå hjelpemiddelsentralane sitt datasystem. Det gjeld tal for innkjøp, utlån og antal brukarar.

Frå og med 1994 er hjelpemiddelsentralane administrativt lagt inn under trygdeetaten. I 1995 fekk vi oppretta nye hjelpemiddelsentralar i dei to fylka som framleis ikkje hadde, og hjelpemiddeltilbodet for funksjonshemma var dermed tilnærma likt over heile landet.. Det er og tilført mange nye stillingar til sentralane, for å få tilstrekkeleg kapasitet og ivareta ein del nye oppgåver.

Rapporten er i hovedsak ein presentasjon av talmaterialet, og i mindre grad analyser. I kapittel 2 vert det beskrive dei datakjeldene som er nytta, samt ei drøfting av datakvaliteten. Kapitla frå 3 til 5 er meir deskriptive gjennomgangar av data frå innkjøp og utlån av hjelpemidler, og brukartilgang. I kapittel 6 vert det diskutert endringar over tid når det gjeld volum og verdi av hjelpemidlene.

Alle tabellar som inneholder fylkestal er plassert i vedlegget bakerst. Den viktigaste og mest innhaldsrike av desse er nøkkeltalstabellen, som er ei samla talmessig framstilling av innkjøps- og aktivitetstal på hjelpemiddelområdet. Ei forklaring til tabellen er og plassert i vedlegget.

# 2 Datakjelder og datakvalitet

Vi har nytta ulike datakjelder i arbeidet. Data for utgifter til innkjøp av varer og tenester er henta frå reknescapssystemet i trygdeetaten. Oppgjer for hjelpemiddelsentralane sine innkjøp vert overført direkte til eigne konti i reknescapen. Kontoinndelinga er meir detaljert enn tidlegare, og kan gje ein viss informasjon. Utgiftene innanfor hovedgruppene og til ein viss grad på undergruppenivå, kan avlesast frå månad til månad.

Øvrige data er teke frå hjelpemiddelsentralane sitt datasystem, og er basert på fortløpende registreringar av alle transaksjonar. Det gjeld innkjøpstal som er meir detaljert enn reknescapen kan tillate, samt utlånstal og brukartal. Tal for innkjøp og utlån inneholder antal einingar i tillegg til verdi. Desse dataene vert overført månadleg til ein database i Rikstrygdeverket.

Det administrative datasystemet ved hjelpemiddelsentralane er eit driftssystem, utvikla for å halde dagleg oversyn over materialflyten, utlån, innkjøp, innleveringar og lagerhald. Det er ikkje primært laga for rekneskaps- og statistikkføremål. Dette har tidlegare bl.a. ført til at dataene har vore ustabile over tid, dvs. at også historiske innkjøps- og utlånsverdiar har vore oppdaterte til dagens prisnivå. For å få til eit datamateriale til analyseføremål er data frå applikasjonen periodevis lagt på eigne filer. Det vil si at vi har kopla historiske data bort frå det løpende driftssystemet, og eliminert dei feilkjeldene som dette førte med seg.

Framleis ligg det feilkjelder i datamaterialet. Den mest synlege av dei er manglande standard for føring av samansette og komplekse hjelpemiddler. Systemet opnar for at hjelpemiddelsentralane kan føre inn like hjelpemiddler på ulike måtar. Samansette hjelpemiddler kan førast som ein heilskap eller som enkeltkomponentar. Ulik registreringspraksis på ein del område fører med seg skeivheter når data skal aggregerast til nasjonalt nivå.

Vi har så langt som mogeleg gått gjennom og kvalitetssikra data, men det er vanskeleg å rette opp feilkjelder i historiske tal. Det er sett i gang arbeid for å få til meir einsarta registreringspraksis, m.a. innføring av Produkt-ID ved alle sentralane.

## 3 Innkjøp

### 3.1 Innkjøpsutvikling

Utgiftene til kjøp av hjelpemiddler har hatt ein betydeleg auke kvart år i heile den perioden hjelpemiddelsentralane har vore i drift. I 1983 var utgiftene på ca. 150 mill. kr. Det året var det berre ein hjelpemiddelsentral i drift. Etter dette vart det for alvor fart i oppbygging av nye sentralar. Sentralane bidrog til å gjere det betydeleg enklare for brukarane å få tak i hjelpemiddler, og gjorde det mogeleg å få prøvd ut hjelpemiddler før stønadsvedtak, og eventuelt få spesialtilpassa hjelpemiddler. Det vart avdekka eit betydeleg underforbruk blant folk. Tekniske løysingar kunne i mange tilfelle gjere det enklare å fungere i dagleglivet.. Større merksemd om hjelpemiddler hadde m.a. som effekt at den øvrige delen av lokal helse- og omsorgsteneste vart flinkare til å ta i bruk hjelpemiddler for brukarane, skrive søknader om stønad frå folketrygda m.v.

I denne perioden har hjelpemiddelmarknaden endra seg sterkt. Produsentar og leverandørar har oppdaga eit vekstpotensiale, og har satsa på å ta del i dette. Marknadsvolumet har auka sterkt, og nyutvikling av produkt har fått eit større tempo. Samstundes har trygdeetaten som sentral finansieringskjelde endra strategi for å kunne opptre meir rasjonelt som storkunde. Sentrale prisforhandlingar har ført til sterkare styring med prisnivået på mange viktige produktområde.

I tabell 3.1 har vi sett opp utviklinga i trygda sine utgifter til kjøp av hjelpemiddler, reservedeler m.v. i perioden frå 1991 til 1997.

Vi ser at det er ein betydeleg auke på dette området. Målt i faste 1997-kr. er auken stort sett blitt kraftigare for kvart år. Dette til tross for at hjelpemiddelsentralane har teke over og fått betre styring med innkjøp og forvaltning av hjelpemiddlene i alle fylka. Det er gjort eit betydeleg arbeid med å effektivisere rutinar og å få til ei høgast mogeleg gjenbruksprosent. I RTV-dokument «Mål og prioriteringer 1997» er det m.a. sett opp eit mål om at 50 % av total utlånsverdi skal vere hjelpemiddler i gjenbruk.

*Tabell 3.1. Utvikling i innkjøpskostnader for tekniske hjelpemidler 1991 - 1997, løpende og faste kr. Beløp i heile 1000 kr.*

År	Innkjøp nominelle kr.	Innkjøp faste 1997-kr.	Prosentvis endring faste kr.
1991	969 181	1 008 967	
1992	1 056 556	1 159 776	6,50
1993	1 162 838	1 247 680	7,58
1994	1 260 396	1 333 752	6,90
1995	1 394 970	1 441 085	8,05
1996	1 542 763	1 574 248	9,24
1997	1 787 275	1 787 275	13,53

Av dei hjelpemiddelgruppene som aukar mest, og som representerar ein hoveddel av utgiftsveksten er rullestolar, datautstyr og ulike hjelpemidler for innredning og tilpasning av bustad. Utgifter til reservedelar har og auka sterkt, noko som følger av høg aktivitet når det gjeld gjenbruk.

I nøkkeltalstabellen (tabell 1 i vedlegget) er det teke med innkjøp av varer og tenester fordelt på fylke og på hjelpemiddelgrupper. Vi ser her store variasjonar i utgiftsnivå totalt og på dei enkelte gruppene av hjelpemidler. I tabell 3 i vedlegget er innkjøps- og utlånsverdi rekna pr. innbyggjar og pr. alders- og uførepensjonist. Variasjonane kjem her tydelegare fram.

Variasjonar kan i visse høve vere utslag av tilfeldige hendingar, men erfaringa tyder på at store variasjonar er stabile over tid. Årsaka ligg m.a. i ulik organisering ved sentralane og ulik prioritering av oppgåver. Til dømes er det store forskjellar i kor mange som er tilsett av teknisk personell. Dei som har mange kan utføre ein større del av reparasjonsoppdrag sjølv. Dei som har lite personell til dette må kjøpe tenester eksternt, noko som er dyrare, men som fram til no kan belastast stønadsbudsjettet.

Av dei totale utgiftene vert ein viss del belasta trygdekontora direkte, dvs innkjøp skjer i nokre tilfelle utanom hjelpemiddelsentralen. Andelen av utgiftene som går utanom sentralane er 1,7 % av totalutgiftene i 1997. Denne andelen er gradvis redusert med åra, etter som sentralane har starta opp og fått fullgod dekning i sitt fylke. I 1995 var denne andelen heile 17 %.

### 3.2 Innkjøpsprofil

I tabell 3.2 har vi stilt opp dei største produktgruppene målt i innkjøpsverdi pr. år. Gruppeinndelinga følger nivå 2 i Nordisk klassifikasjon, og er difor forholdsvis grov.

*Tabell 3.2 Dei 15 største produktgruppene i innkjøpsverdi 1996 og 1997, løpende kr., samt prosentvis endring. Beløp i heile 1000 kr.*

Indeksnummer og produktgruppe	1996	1997	Prosentvis endring
0303 Respirasjonshjelpeidler	42 867	49 621	15,8
0912 Toaletthjelpeidler	21 651	23 654	9,3
0933 Vask, bad og dusjhjelpeidler	21 113	23 962	13,5
1206 Ganghjelpeidler	30 808	34 164	10,9
1221 Manuell rullestol	128 659	135 270	5,1
1221 Elektrisk rullestol	158 713	178 293	12,3
1236 Løftehjelpeidler	23 357	23 377	0,1
1809 Sittemøbler	137 300	152 332	10,9
1812 Senger	45 440	52 101	14,7
1830 Heis, løfteplattform	88 247	85 444	- 3,2
2106 Elektronoptisk utstyr	30 985	34 860	12,5
2109 EDB-utstyr, tilbehør	29 358	49 714	69,3
2112 Datamaskin	23 765	60 589	155,0
2139 Lydoverføringssystem	17 459	22 946	31,4
2148 Varslingshjelpeidler	23 666	26 183	10,6

Vi ser straks den eksplasive auken i innkjøp av datautstyr. Det gir ein klar indikasjon på at teknologibaserte hjelpeidler er i ferd med å bli blant dei vanlegast formidla hjelpeidlene. Veksten på dette området utgjer i hovedsak den forsterka utgiftsveksten vi har hatt totalt sett i 1997, jfr. tabell 3.1.

Veksten i innkjøp av datahjelpeidler har samanheng med at trygda overtok ansvaret for hjelpeidler til skuleføremål frå og med 1997. I løpet av året er det kome inn ei stor mengde krav om stønad til datautstyr til undervisningsføremål, og det tyder på eit stort udekka behov frå tidlegare. Ordninga har opna for nye brukargrupper som ikke har vore hjelpeiddel-brukarar før (sjå under kap. 5).

Ei anna side ved denne utviklinga er at formidlingssystemet ikkje er budd på ei så rask auke på eit bestemt område. Hjelpeiddelsentralane har fått ei betydeleg meirbelastning. Det skuldast ei ny stor mengde varer, og nye brukargrupper. Den store massen av nye stønadskrav har ført til noko lengre sakshandsamingstider. Det er også knapp kapasitet når det gjeld opplæring og tilpasning. Området krev kompetanse som det tradisjonelle formidlingsapparatet har knapphet på.

## 4 Utlån

### 4.1 Utvikling i utlånsverdi

I tabell 4.1 har vi sett opp utviklinga i utlånsverdi gjennom hjelphemiddelsentralane i tidsrommet 1991 til 1997. Talet i høgre kolonne syner kor mange hjelphemiddelsentralar som har vore i drift det aktuelle året. Den høge vekstprosenten har m.a. samanheng med at nye sentralar har starta opp.

*Tabell 4.1. Utvikling i utlånsverdi av hjelphemidler gjennom hjelphemiddelsentral 1991 - 1997  
Beløp i heile 1000 kroner.*

År	Total utlånsverdi ved HMS nominelle kr.	Total utlånsverdi ved HMS, faste 1997-kr.	Prosentvis endring, faste kr.	Antal sentralar
1991	851 400	962 034		14
1992	1 066 300	1 176 932	22,3	14
1993	1 376 300	1 484 682	26,1	17
1994	1 535 153	1 633 141	10,0	17
1995	1 677 447	1 741 897	6,7	19
1996	1 858 004	1 905 645	9,4	19
1997	2 106 258	2 106 258	10,5	19

Som vi ser er auken i utlånsverdi spesielt høg frå 1991 til 1993. Det kan sjå merkeleg ut, i og med at auken i innkjøpskostnader var moderat i denne perioden (jfr. tabell 3.1). Dette har samanheng med fleire faktorar. For det første gjeld tala i tabell 4.1 berre utlån gjennom hjelphemiddelsentralane medan tabell 3.1 gjeld heile hjelphemiddelområdet. Sentralane er i denne perioden under oppbygging, og overtek ein stadig større andel av innkjøp og utlån. For det andre aukar volum og verdi av gjenbruk i denne perioden, og dette er inkludert i utlånsstatistikken. Etter nokre år med sterk auke i innkjøp er hjelphemiddelparken til ein viss grad fornya, og vil utgjere ein gjenbruksressurs dei neste åra.

Frå 1996 til 1997 har utlånsverdien auka noko meir igjen. Utviklinga her er omrent parallell med utviklinga i innkjøpsverdi.

I tabell 4.2 har vi sett på utviklinga i utlånsverdi og utlån pr. betjent brukar i perioden 1993 til 1997. Dei to sist oppstarta sentralane vart etablert i 1995. For 1993 og 1994 er det berre teke med tal frå dei 17 fylka som hadde hjelphemiddelsentral. Østfold og Nord-Trøndelag er difor ikkje inkludert desse to åra. Frå og med 1995 er alle fylka inkludert.

*Tabell 4.2. Utviklinga i samla utlånsverdi, brukartal og utlån pr. betjent brukar 1993 - 1997  
Løpende kroner.*

År	Utlånsverdi 1000 kroner	Prosentvis endring	Antal betjente brukarar	Utlånsverdi pr. brukar
1993	1 376 300		97 073	14 178
1994	1 535 153	11,5	102 607	14 961
1995	1 677 447	9,3	108 940	15 398
1996	1 858 004	10,8	120 540	15 414
1997	2 106 258	13,4	127 365	16 537

Utlån pr. brukar syner stigning i heile perioden. I 1996 har vi ein mindre auke. Årsaken kan vere at ein stor del av brukartilgangen i 1996 har vore brukarar med meir avgrensa behov, og som har fått færre og rimelegare hjelpebidrag. I 1997 har vi ein langt sterkare auke enn tidlegare. Den store tilgangen av nye brukarar med stønad til datautstyr bidrar til å presse kostnadene pr. brukar oppover.

## 4.2 Gjenbruk

I dei langsiktige måla for hjelpemiddelsentralane er det fastsett som eit mål å oppnå 50 prosent gjenbruk av den samla utlånsmengda.. I dette kapitlet presenterar vi nokre tal som vil gje ein indikasjon på korleis omfanget av gjenbruk er i høve til dette målet.

I nøkkeltalstabellen i vedleggget har vi rekna ut gjenbruksverdien totalt og fordelt på fylke. Differansen mellom total utlånsverdi og innkjøpsverdi utgjer berekna gjenbruksverdi. Gjenbruk er deretter rekna i prosent av utlånsverdien. Vi får ein gjenbruksprosent på landsbasis på ca. 39 %.

Dette er ein svært grov og til dels unøyaktig metode for utrekning av gjenbruk. Verdien av reelt gjenbruk er langt meir komplisert å finne. Vi må i tilfelle skilje mellom verdi av totalt og permanent utlån. Dette skillet vert praktisert ulikt frå fylke til fylke, og det vert difor vanskeleg å framstaffe data som kan samanliknast. Vidare må justeringar i lagerverdi takast med i ei slik utrekning. Sjølv om det har sine veikskapar med denne utrekninga er det det nærmeste vi kjem ei indikasjon på gjenbruksverdi fordelt på ulike hjelpemiddelgrupper.

I tabell 4.3 har vi teke ut dei største produktgruppene i innkjøpsverdi (jfr. tabell 3.2), og sett på forholdet mellom innkjøps- og utlånsverdi.

Som venta ser vi store forskjellar i gjenbruksprosent. Mönsteret i gjenbruksverdi fordelt på hjelpemiddelgrupper er nokså nøyaktig det same som vi fann i 1995 og 1996 (jfr. RTV-rapport 11/96 og 8/98).

*Tabell 4.3. Dei 15 største produktgruppene i innkjøpsverdi 1997, utlånsverdi og berekna gjenbruksverdi. Beløp i heile 1000 kroner.*

Indeksnummer og produktgruppe	Innkjøps-verdi	Utlåns-verdi	Differanse Berekna gjenbruk	Berekna gjenbruk i prosent
0303 Respirasjonshjelpemidler	49 621	109 326	59 705	54,6
0912 Toaletthjelpemidler	23 654	40 379	16 725	41,4
0933 Vask, bad og dusjhjelpevarer	23 962	33 435	9 473	28,3
1206 Ganghjelpemidler	34 164	62 792	28 628	45,6
1221 Manuell rullestol	135 270	348 412	213 142	61,2
1221 Elektrisk rullestol	178 293	354 729	176 436	49,7
1236 Løftehjelpemidler	23 377	54 820	31 443	57,4
1809 Sittemøbler	152 332	312 292	159 960	51,2
1812 Senger	52 101	158 649	106 548	67,2
1830 Heis, løfteplattform	85 444	89 189	3 745	4,2
2106 Elektronoptisk utstyr	34 860	52 660	17 800	33,8
2109 EDB-utstyr, tilbehør	49 714	56 277	6 563	11,7
2112 Datamaskin	60 589	65 556	4 967	7,6
2139 Lydoverføringssystem	22 946	29 858	6 912	23,1
2148 Varslingshjelpemidler	26 183	30 724	4 541	14,8

Gruppene med høgst gjenbruksfrekvens, senger, rullestol, sittemøbler, løftehjelpemidler og respirasjonshjelpemidler, har over 50 % i berekna gjenbruksverdi. Datautstyr utmerkar seg med låg gjenbruksfrekvens. Dette skuldast både krav om at utstyret skal vere moderne, og at volumet er raskt aukande. Det vil vere lite tilbakelevert utstyr på lager som det er hensiktsmessig å formidle på nytt.

Når det gjeld heis og løfteplattform, så har vi også ein svært låg utrekna gjenbruksverdi. Reelt sett har vi ein betydeleg gjenbruk av mange delkomponentar etter demontering av ein heis eller løfteplattform. Enkeltkomponentane kan svært ofte nyttast i nye heisanlegg. Slik utlånsstatistikken er lagt opp vert dette ikkje synleggjort.

Målet om 50 % gjenbruk er framleis ikkje nådd og det er mykje å ta igjen. Vi ser likevel i nøkkeltals-tabellen at enkelte fylke har gjenbruksprosent på meir enn 50 % dette året (tabell 1 i vedlegget).

I mange av dei store produktgruppene har vi høg gjenbruksfrekvens, medan den samla gjenbruksprosenten berre er på omkring 39 %. Det har samanheng med at mange hjelpemidler

ikkje vert kravd tilbakelevert for gjenbruk, men vert avskrivne. Det gjeld alle småhjelpe-midler til ein verdi av ca. 700 kr. (1 ½ % av grunnbetøpet) eller mindre. Det gjeld i tillegg hjelphemidler som av hygienegrundar ikkje kan formidlast på ny. Desse hjelphemiddelgruppene betyr lite økonomisk kvar for seg, men dei dreg ned den samla gjenbruksprosenten, med den reknemåten vi nyttar her.

## 5 Brukarar

### 5.1 Brukarutvikling

Pr utgangen av 1997 var det registrert ca. 400 000 personar som hadde eit eller fleire utlånte hjelphemidler. Av desse har ca 127 000 fått utlån ved ein av sentralane i løpet av 1997. Av desse igjen er ca. 53 000 registrerte for første gong i 1997. I nøkkeltalstabellen i vedlegget er alle desse kategoriane fordelt på fylke.

I tabell 5.1 har vi teke med utviklinga i talet på registrerte brukarar pr. utgangen av året, betjente brukarar pr. år, og nye brukarar pr år i perioden 1995 - 1997. Dette er den perioden alle fylke har hatt hjelphemiddelsentral. Registrerte brukarar omfattar alle som står oppført med eit utlån. Dei som er døde vert tekne ut.

*Tabell 5.1 Utvikling i talet på registrerte brukarar pr. utgangen av året, betjente brukarar pr. år, og nye brukarar pr år i perioden 1995 - 1997*

År	Registrerte brukarar	Betjente brukarar	Nye brukarar
1995	324 763	108 940	47 679
1996	359 563	120 540	51 488
1997	398 715	127 365	52 807

Talet på registrerte brukarar aukar raskt, og omfattar ein stadig større andel av befolkninga. Antal nyregistrerte brukarar pr. år er ganske stabilt. Som vi vil sjå elles i dette kapitlet er andelen yngre brukarar større enn før, og bestanden vil då kunne auke raskare.

I nøkkeltalstabellen har vi teke med antal registrerte brukarar i prosent av befolkninga i kvart fylke. Dette varierar frå ca. 5,5 % til ca. 13,3 %. På landsbasis er prosentandelen ca. 9 %. Dette kan indikere noko om kor stort eit potensielt antal brukarar kan vere i kvart fylke. Det er likevel stor skilnad mellom fylka, også når det gjeld alderssamsetjing i befolkninga. Antal alders- og uførepensionistar i høve til folketalet kan variere frå ca. 15 % til ca. 22 %. Brukarpotensialet vil til ein viss grad følge dette, i og med at omlag 63 % av brukarane er over 70 år.

### 5.2 Alderssamsetjing

Vi vil her sjå nærmere på alderssamansetjinga blant betjente brukarar i 1997, samanlikna med tilsvarande i 1996. I tabell 5.2 er dette illustrert.

*Tabell 5.2. Antal betjente brukarar ved hjelpemiddelsentralane fordelt på aldersgrupper, prosentvis fordeling på aldersgrupper, 1996 og 1997.*

Aldersgruppe	Antal 1996	Antal 1997	Endring i prosent	Prosent- andel 1996	Prosent- andel 1997	Kumulert prosent 1997
0 - 9 år	5 623	5 851	4,1	4,7	4,6	4,6
10 - 19 år	3 005	5 021	67,1	2,5	3,9	8,5
20 - 29 år	3 244	3 469	6,9	2,7	2,7	11,3
30 - 39 år	4 470	4 925	10,2	3,7	3,9	15,1
40 - 49 år	5 822	6 396	9,9	4,8	5,0	20,1
50 - 59 år	7 581	8 399	10,8	6,3	6,6	26,7
60 - 69 år	12 346	12 416	0,6	10,2	9,7	36,5
70 - 79 år	31 753	32 174	1,3	26,3	25,3	61,7
80 - 89 år	37 683	39 514	4,9	31,3	31,0	92,8
90 år og over	9 013	9 200	2,1	7,5	7,2	100,0
Totalt	120 540	127 365	5,7	100,0	100,0	

Tabellen syner dei enkelte aldersgruppene blant betjente brukarar i 1996 og 1997, prosentvis endring i kvar aldersgruppe, og aldersgruppene i prosent av alle betjente brukarar for 1996 og 1997. Vidare syner den kumulert prosentandel for 1997, dvs. andel brukarar i aktuell aldersgruppe pluss dei som er yngre.

Utviklinga i talet på betjente brukarar frå 1996 til 1997 syner ei generell auke på 5,7 %. I aldersgruppene under 60 år ser vi sterke auke enn i gruppene over 60 år. Andelen betjente brukarar yngre enn 60 år har auka frå 24,7 % til 26,7 % på eit år. Andelen betjente brukarar yngre enn 20 år har auka frå 7,2 % til 8,5 % i same periode. Skulehjelpeidla bidrar sterkt til dette. Men vi har også sterke auke i brukartalet i aldersgruppene 30 - 59 år.

Om vi ser på talet på brukarar, så peikar aldersgruppa 10 - 19 år seg ut med ei spesielt sterke auke i 1997. Det er i denne gruppa ein auke på 67,1 % frå 1996. Auken i brukartalet i alderen 10 - 19 år har klar samanheng med at trygda har teke over ansvaret for skulehjelpeidler. Som nemnt vil dette seie datautstyr. Når det gjeld stønad til datautstyr, er 56,7 % av brukarane i aldersgruppa 6 - 19 år. Ein stor andel av desse er nye brukarar i 1997, og har sjeldan behov for andre hjelpeidler enn dette utstyret.

I aldersgruppa 60 - 69 år har vi derimot så godt som ingen auke i antalet. Andelsmessig går denne aldersgruppa litt ned.

Vi ser med andre ord ei klar aldersvridning av den årlege brukartilgangen.

### 5.3 Kjønnssamansetjing

Vi er interessert i å finne ut om det kan påvisast kjønnsforskjellar i dei ulike aldersgruppene blant hjelphemiddelbrukarane.

Tabell 5.3 syner store forskjellar mellom antal menn og kvinner blant brukarane. Av alle brukarane i 1997 er 62,7 % kvinner. I 1996 var det 63,5 % kvinner. I gruppa over 70 år er 67,7 % av brukarane kvinner. I denne aldersgruppa vil vi kunne vente ei overvekt av kvinner, ut frå generelt lengre levealder, og det at kvinner oftare bur heime i høg alder enn menn.

*Tabell 5.3 Antal betjente brukarar 1997, med prosentandel i parantes, fordelt på kjønn og aldersgrupper*

Aldersgruppe	Menn	Kvinner
0 - 19 år	6 469 (59,5 %)	4 403 (40,5 %)
20 - 29 år	1 541 (44,4 %)	1 928 (55,6 %)
30 - 49 år	4 680 (41,3 %)	6 641 (58,7 %)
50 - 69 år	8 736 (42,0 %)	12 079 (58,0 %)
70 år og over	26 111 (32,3 %)	54 777 (67,7 %)
Totalt	47 537 (37,3 %)	79 828 (62,7 %)

I gruppa barn og ungdom under 20 år ser vi også ein klar kjønnsforskjell. Mannlege brukarar utgjer her 59,5 %. Den tilsvarande andelen menn i denne aldersgruppa i 1996 var på 56,7 %. Forskjellane er klart størst i gruppa 10 - 19 år. Andelen mannlege brukarar har auka frå 54,7 % i 1996 til 61,4 % i 1997. Dette er ei forskyvning som sanssynlegvis ikkje kan forklarast ut frå korleis funksjonshemningar er kjønnsfordelt.

Blant brukarane i alle aldersgrupper frå 20 til 69 år har vi ein langt større frekvens av kvinnelege brukarar. Når det gjeld aldersgruppa over 30 år, samsvarar dette i stor grad med kjønnsfordelinga blant uførepensjonistar. Kvinneandelen blant uførepensjonistar i alderen 30 - 49 år er 56,9 % og i alderen 50 - 67 år på 57 % ved utgangen av 1997. (Trygdestatistisk årbok 1998).

I aldersgruppa 20 til 29 år er det ikkje eit slikt samsvar. I den gruppa er også kvinnelege hjelphemiddelbrukarar i fleirtal, mens kvinner utgjer berre 46 % av mottakarar av uføretrygd i same aldersgruppe.

Vi har også sett på kjønnsfordelinga blant brukarar av bestemte typer hjelpeemidler. Det mest interessante funnet her er ei overraskande skeiv kjønnsfordeling blant brukarar av datautstyr. Av alle dei som har fått stønad til datautstyr i 1997 er 62,9 % menn og 37,1 % kvinner. Om vi ser på aldersgruppa 6 - 19 år, der fleirtalet av desse brukarane er, finn vi at mannlige brukarar utgjer 68,8 %, mens kvinnene utgjer 31,2 %. I alle aldersgrupper blant desse brukarane er det fleirtal av menn, også i gruppa over 67 år, der kvinnene er i fleirtal når det gjeld alle andre typer hjelpeemidler.

Vi har sett på tilsvarende tal når det gjeld brukarar som har fått rullestol. Totalt sett utgjer kvinnene 58,4 % av desse brukarane, og menn 41,6 %. Blant brukarane i alderen 6 - 19 år utgjer kvinnene 45,6 % og menn utgjer 54,4 %. Blant rullestolbrukarane er dei eldre i fleirtal, og gruppa over 67 år utgjer totalt ca. 70 %. I denne aldersgruppa er kvinnelege brukarar i fleirtal, som vi ser i tabell 5.3. Kjønnsfordelinga blant rullestolbrukarane i denne alderen er noko jamnare enn i aldersgruppa generelt. Det er ca. 62 % kvinner.

Som oppsummering kan vi trekke fram den sterke auken i talet på brukarar i yngre aldersgrupper, at det er spesielt mannlige brukarar i denne gruppa som aukar i antall, og at brukarar av datautstyr er spesielt skeivfordelt kjønnsmessig. Denne utviklinga er ny i 1997, og må skrivast tilbake til at trygdeetaten overtok ansvaret for skulehjelpeemidlene fra og med 1997.

#### **5.4 Nye brukarar**

Ut fra nøkkeltalstabellen kan vi sjå at tilstrøyminga av nye brukarar er ganske sterkt. Det er registrert inn 52 807 nye brukarar i 1997. Det er 41,5 % av alle betjente brukarane i 1997. Tilsvarende prosentandel nye brukarar i 1996 var 42,7 %.

Det er likevel fleire nye brukarar i 1997 enn i 1996. Antalet nye brukarar auka med 2,6 % etter det som er registrert. Tilgangen på nye brukarar er likevel relativt stabil, jfr. tabell 5.1.

Om vi ser på fylkesvis utvikling, og samanliknar nøkkeltal fra 1995 og 1996, ser vi at antall nye brukarar går opp i tretten av fylka, og går ned eller er stabilt i seks fylke. Vi ser ingen samanheng mellom dette og kor lenge den enkelte sentral har vore i drift.

Både kjønns- og alderssamansetjinga av dei nye brukarane har endra seg fra 1996 til 1997. Det er ei markert endring i retning av yngre brukarar, og større andel mannlige brukarar.

## **6. Endringar i volum og verdi**

I dette kapitlet skal vi summere opp og samanstille nokre data som illustrerer utviklinga dei tre siste åra.

I tabell 6.1 har vi samanstilt innkjøps-, utlåns- og brukartal. Til tross for fare for brist i datakvaliteten har vi sett på hovedtal for innkjøp, utlån og brukarar i 1995, 1996 og 1997. Vi vil anta at registreringspraksis har endra seg lite i perioden, og at eventuelle feil berre i liten grad påverkar endringsforholdet frå 1995 til 1997.

Når det gjeld antal og verdi av innkjøp og utlån, omfattar det i denne samanhengen berre sjølve hovedhjelphemidlene. Reservedelar og kjøp av tenester m.v. er ikkje med. Det er forklaringa på at utlånsverdi og utlån pr. brukar vert noko mindre her enn i tabell 4.2

*Tabell 6.1 Endring i innkjøp, utlån og antal brukarar frå 1995 til 1997.*

	1995	1996	1997	Prosentvis endring 1995-96	Prosentvis endring 1996-97
Kjøp hjelphemidler, verdi, 1000 kroner	861 784	1 041 199	1 254 811	20,82	20,52
Kjøp hjelphemidler, antal	290 321	332 516	379 041	14,53	13,99
Utlån hjelphemidler, verdi, 1000 kroner	1 677 427	1 856 942	2 104 224	10,70	13,32
Utlån hjelphemidler, antal	443 370	490 241	539 504	10,57	10,05
Gjennomsnittleg verdi, kjøp	2 968	3 131	3 310	5,49	5,72
Gjennomsnittleg verdi, utlån	3 783	3 788	3 900	0,13	2,96
Antal betjente brukarar	108 940	120 540	127 365	10,65	5,66
Utlån pr. brukar, gj.sn. verdi	15 398	15 405	16 521	0,05	7,24
Utlån pr. brukar, gj.sn. antal	4,07	4,07	4,24	0	4,18

Vi ser for det første ein svært sterk auke i innkjøpsverdi. Frå 1995 til 1996 har vi noko effekt av at dei to siste hjelphemiddelsentralane starta opp i 1995. I 1997 har vi, som vi har sett i tabell 3.1, ein sterkare generell utgiftsvekst enn tidlegare.

Veksten i antal innkjøpte hjelphemidler er ikkje like sterk. Det kan tyde på at det vert kjøpt ein større andel dyrare hjelphemidler. Vi ser lenger nede i tabellen at gjennomsnittsutgift pr. eining aukar med mellom 5 og 6 prosent årleg i perioden.

Det er sterk vekst i verdi av utlånte hjelphemidler også, men meir moderat enn for innkjøp. Det at veksten ikkje er parallel, men at innkjøp veks raskare, kan vere eit utslag av låg gjenbruksgrad i nokre hjelphemiddelgrupper. Dette gjeld først og fremst datautstyr. Dette er samtidig den hjelphemiddelgruppa som står for raskast vekst, og der nesten alt som vert formidla er nyinnkjøp.

Gjennomsnittleg verdi pr. eining i utlån er høgare enn tilsvarande i innkjøp. Dette er fordi det i utlånstala ligg ein del gjenbruk. Det som vert nytta til gjenbruk er dei meir kostbare hjelpemiddla, og ikkje enkle småhjelpemiddel. Difor vert og den gjennomsnittlege verdien litt høgare.

Talet på betjente brukarar pr. år aukar mindre i 1997 enn det har gjort tidlegare, til tross for sterkt kostnadsauke. Utlån pr. brukar har klart sterkare auke det siste året, både når det gjeld antal og verdi.

## **INNHOLD**

0	Samandrag	s. 1
1	Innleiing	s. 3
2	Datakjelder og datakvalitet	s. 3
3	Innkjøp	s. 4
3.1	Innkjøpsutvikling	s. 4
3.2	Innkjøpsprofil	s. 5
4	Utlån	s. 7
4.1	Utvikling i utlånsverdi	s. 7
4.2	Gjenbruk	s. 8
5	Brukantar	s. 10
5.1	Brukarutvikling	s. 10
5.2	Alderssamansetjing	s. 11
5.3	Kjønnssamansetjing	s. 12
5.4	Nye brukantar	s. 13
6	Endringar i volum og verdi	s. 14

## Vedlegg

Tabell 1 Nøkkeltal for hjelphemiddelsentralane 1997

Forklaring til nøkkeltalstabellen

Tabell 2 Innkjøp og utlån ved hjelphemiddelsentralane 1996 og 1997

Tabell 3 Innkjøp og utlån, pr. innbyggjar og pr. pensjonsmottakar 1997

Tabell 4 Brukarstatistikk 1997

Vedlegg:

## Forklaring til nøkkeltalstabellen

Tabellen inneholder følgende kategorier:

### Innkjøp.

Alle beløp er i hele millionar kroner

Behandlingshjelpemidler	Behandlings- og treningshjelpemidler
Personleg stell	Hjelpemidler til personleg stell, klede, sko, bad og toalett etc.
Forflytning	Ganghjelpemidler, rullestolar, løftehjelpemidler m.v.
Husholdning	Hjelpemidler i husholdning, ADL-hjelpemidler
Bustadtilpasning	Hjelpemidler for å innreie og tilpasse bustad og andre lokale, møbler, senger, heis, m.v.
Kommunikasjon	Hjelpemidler for kommunikasjon, informasjon og varsling, skrivehjelpemidler, datautstyr, optiske hjelpemidler m.v.
Andre hjelpemidler	Hjelpemidler for handtering og transport, omgjevnadskontroll, hjelpemidler for betring av miljø og hjelpemidler for leik og fritid
Reservedeler	Deler og tilbehør for alle typer hjelpemidler
Frakt	Utgifter til frakt av hjelpemidler fra leverandør til sentral, til brukar, tilbakelevering m.v.
Tenester	Kjøp av eksterne tenester til montering, tilpasning, reparasjon og service på hjelpemidler
Sum innkjøp HMS	Alle innkjøp ved hjelpemiddelsentralane til stønadsformål
Hjelpemiddelutgifter utanom. HMS	Utgifter til hjelpemidler, deler og tenester som er fakturert ved trygdekontor
<b>Utlån</b>	
Totalt utlån	Verdi av alle utlån av hjelpemidler i 1997, inkludert utprøvings- og korttidsutlån, millionar kroner
Permanent utlån	Verdi av varige utlån, etter vedtak i trygda sine organ, millionar kroner
Gjenbruk i verdi	Totale utlån minus innkjøp av hjelpemidler, millionar kroner

Gjenbruk prosent      Gjenbruksverdi i prosent av totalt utlån

### **Brukarar**

Registrerte brukarar	Talet på brukarar som er registrert med utlån uansett utlånstidspunkt, minus dei som er døde
Betjente brukarar	Talet på betjente brukarar i 1997, dvs. dei tilfella der det er registrert endring i hjelphemiddelutlån i løpet av året
Nye brukarar	Talet på brukarar registrert for første gong i 1997

### **Andre kategoriar**

Driftskostnader	Samla driftskostnader ved hjelphemiddelsentralane i 1997, millionar kroner
Innbyggartal	Talet på innbyggjarar i fylka og totalt pr. 1/1 1997, heile 1000
Oppstart	Det første driftsåret for dei enkelte sentralane
Innkjøp pr. innbyggar	Totale innkjøpsutgifter pr. innbyggar
Innkjøp pr. betj. brukar	Totale innkjøpsutgifter pr. betjent brukar
Utlån pr. brukar	Total utlånsverdi pr. betjent brukar
% reg. brukarar	Dei registrerte brukarane som prosentandel av befolkninga

## Forord

Utbygginga av formidlingstenesta på hjelphemiddelområdet har resultert i at det pr i dag er ein hjelphemiddelsentral i kvart fylke, som bl.a. har ansvar for forvaltning av folketrygdfinansierte hjelpebidrar. Rekneskapstala viser sterke økningar i innkjøpssverdi og i talet på betjente brukarar pr år. Reformar i helse- og omsorgstenester fører også med seg breiare økonomisk ansvar for trygdeetaten.

Som ein del av forvaltningsoppgåvene knytta til hjelphemiddelsentralane ønskjer RTV å presentere ein årleg oversikt over innkjøps- og aktivitetstal. Formålet med rapporten «*Utviklingstrekk og nøkkeltal. Hjelpebidrar for funksjonshemma 1997*» er å presentere talmaterialet for det aktuelle året, og trekke liner tilbake til føregåande år. Rapporten kan dermed fungere som ei støtte til vidare planlegging av formidlingsarbeidet ved hjelphemiddelsentralane og for andre offentlege myndigheter.

Talmaterialet er i hovudsak henta frå hjelphemiddelsentralane sine datasystem. Desse er henta inn til ein sentral database i RTV. Dette gjeld tal for innkjøp, utlån og antal brukarar. Vi har også nytta rekneskapstal for 1997. Desse har ein mindre detaljeringsgrad, og dei gir ikkje høve til å gå nøyne inn på dei enkelte hjelpebidar-gruppene.

Rapporten er utarbeidd av førstekonsulent Sigurd Gjerde, Helseøkonomikontoret.

Rikstrygdeverket  
Desember 1998

Drude Berntsen  
avdelingsdirektør

Stig Grydeland  
avdelingsdirektør